



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET




**HJELMELAND
KOMMUNE**

ÅRSPLAN FOR ÅRDAL BARNEHAGE 2024/25



«Det beste for barnet»





HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Velkommen til Årdal barnehage

Denne årsplanen har fleire funksjonar. Årsplanen for Årdal barnehage skal presentere mål og innhald for arbeidet med barna i perioden 2024 – 2025. Årsplanen er eit verktøy for planlegging, gjennomføring og vurdering av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Eit arbeidsverktøy for dei tilsette, men som og skal gje informasjon til foreldre og andre interesserte.

Barnehagen er ein pedagogisk virksomhet for barn mellom 0 – 6 år. Barnehagen høyrer inn under kunnskapsdepartementet, og er ein del av barnas utdanningsløp. Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar gir føringar for vårt pedagogiske arbeid. Årsplanen skisserer kva lovar, mål og arbeidsmåtar barnehagen arbeider etter.

Barnehagen skal gjennom danning, omsorg, leik og læring være med på å gje barna ein god og opplevelsrik barndom. Barnehagen skal skape grunnlag for livslang læring og gi barna erfaring med å fungere i eit demokratisk samfunn.

Barnehagen skal være eit trygt, morosamt og utviklande stad. Her skal alle barn leike og lære, og de skal møte utfordringar og oppleve meistring i kvardagen. Leiken er bornas viktigaste læringsarena.

Barnehagen har ein helsefremmande og ein førebyggande funksjon. Barna skal oppleve eit deltakande og inkluderande pedagogisk miljø, der barnehagen blant anna skal være med på å førebygge diskriminering.

Barnehagens mandat forutsetter god samanheng mellom barnets liv i barnehagen og barnets liv i heimen, og barnehagen skal samarbeide med føresette.

Årdal september 2024

Styrar

Siri Vestersjø



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Innhold

1. Hjemmelandsbarnehagen	4
2. Om barnehagen	5
3. Barnehagen sitt formål og innhold	6
3.1. Omsorg	6
3.2. Leik	6
3.3. Danning	7
3.4. Læring	8
3.5. Vennskap og fellesskap	8
3.6. Kommunikasjon og språk	9
3.7. Progresjon	9
4. Medverknad	10
4.1. Barn si medverknad	10
4.2. Føresette si medverknad/ samarbeid mellom heim og barnehage	10
Samarbeidsutvalet 2023/2024	11
5. Planlegging, dokumentasjon og vurdering	11
6. Overgangar	12
6.1. Når barnet er ny i barnehagen	12
6.2. Overgangar i barnehagen	12
6.3. Overgangen mellom barnehage og skule/SFO	13



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

1. Hjelmelandsbarnehagen

Barnehagane i Hjelmeland kommune går under fellesnemninga «hjelmelandsbarnehagen».

Felles visjon og verdiar

Hjelmelandsbarnehagen sin felles visjon er «**DET BESTE FOR BARNET**».

Me ønskjer å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira eigne føresetnadar og utvikling.

Hjelmelandsbarnehagen sine felles verdiar er «**respekt, omsorg og tryggleik**».

Me vil gjere barna trygge på seg sjølv og i samspel med andre, og vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling.

Vår visjon og våre verdiar er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, føresette og medarbeidarar.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen sitt verdigrunnlag, som kjem fram i bhg.lova § 1 og i rammeplanen, skal verte formidla, praktisert og opplevd i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Utviklingsarbeid i hjelmelandsbarnehagen

Hjelmelandsbarnehagen er med i regional kompetanseordning (REKOMP) i region Midt-Rogaland, i partnarship med Universitetet i Stavanger (UiS).

Felles satsingsområde for barnehageåret 2024/25:

Satsingsområde (tema)	Innhald/ tiltak
<i>Vaksenrolla og personalet si relasjon- og samspelskompetanse i møte med alle barn</i>	<ul style="list-style-type: none">- Partnarbarnehage (Rekomp): samarbeid om barnehagebasert kompetanseutvikling i partnarship med UiS, knytta til satsingsområde- Lærande nettverk i partnarship (m/ Strand kommune, UiS, PPT)- Kurs for tilsette i Circle of Security (COS)/ tryggleikssirkelen. (Dette er eit rettleiingsprogram som kan hjelpe til med å forstå barnet betre, med fokus på vaksenrolla)
<i>Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis</i>	<ul style="list-style-type: none">- Lærande nettverk i partnarship (m/ Strand kommune, UiS, PPT)- Spesialpedagogisk nettverk for hjelmelandsbarnehagen- Partnarbarnehage (Rekomp)
<i>Leiarutvikling (leiing av kollektive refleksjons- og læringsprosessar/ barnehagebasert kompetanseutvikling)</i>	<ul style="list-style-type: none">- Lærande nettverk i partnarship (m/ Strand kommune, UiS, PPT)- Regional barnehagelærarsamling (Rekomp)- Kollegaretleiing, erfaringsdeling og refleksjonar i barnehagen



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Hjelmelandsbarnehagen som miljøfyrtårn

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, og barnehagen har ein viktig oppgåve i å fremme verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen, 2017)

Alle barnehagane er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift. Dette inneber at dei har systematisk arbeid med miljøtiltak i arbeidskvardagen, og leverer årlege miljørapportar for si verksemd. Barnehagen skal og bidra til at barna forstår at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.



Hjelmelandsbarnehagen som trafikksikker barnehage

Personalet skal introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrse og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt. (Rammeplanen, 2017)

Alle barnehagane er sertifisert som trafikksikker barnehage. Dette er eit konsept utarbeida av Trygg trafikk for å kvalitetssikre at barnehagens trafikksikkerhetsarbeid ivaretar dei krav som lover og forskrifter stiller.

2. Om barnehagen

Årdal barnehage er ein fire-avdelingsbarnehage for barn i alderen 0-6 år, med plass til totalt 86 barn. Me flytta inn i nytt bygg 1. januar 2016, og me er stolte av den flotte barnehagen me har fått til bygda vår! Barnehagen og skulen er plassert i same område, noko som betyr at det er lett for oss å nytte t.d. gymsalen der. Me har kort vei til turterreng, skog, fjell og vatn. Hjelmeland kommune eig og driv barnehagen.

Avdelingane heiter Smileholet, Skattekameret, Øyeblikket og Armkroken. I barnehageåret 2024/2025 har me tre avdelingar:

Øyeblikket	0 – 2 års avdeling tlf: 404 39 211
Skattekameret	2 – 6 års avdeling tlf: 404 39 213
Smileholet	3 – 6 års avdeling tlf: 404 39 208

Meir informasjon om barnehagen, samt praktisk informasjon, kan de finne på kommunen si heimeside.

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/barnehagar/ardal-barnehage/>



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

3. Barnehagen sitt formål og innhald

3.1. Omsorg

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg, jf. rammeplanen (2017):

- Omsorg er ein føresetnad for barna si tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik
- Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre
- Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for
- Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring

Slik gjer me det hjå oss:

I vår barnehage skal alle barn oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barna skal oppleve at de blir ivaretatt på ein omsorgsfull og varm måte gjennom autoritative vaksne. Gjennom desse relasjonane mellom barna og mellom barna og personalet, skal me skapa trivsel, glede og meistring. Dei skal møtas av lyttande og engasjerte vaksne som viser nærleik og innleving.

Omsorg gir tryggleik, og vil vera viktig for å støtte barna i deira utforskartrang. Barna skal få kjenne på tryggleik og tilhørighet i gruppa, og at dei er viktig for gruppa. Samstundes er det viktig for oss at barna sine ulike behov skal bli ivaretatt, og at både barn og vaksne skal føle seg sett og at me strekk oss langt for å tilfredsstille dei ulike behova.

Omsorg har ein eigen-verdi og er nært knyta til tryggleik, oppdragelse og helse og pregar heile barnehagedagen. Me vil støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for seg sjølv og andre, og til å sjølv kunne ta imot omsorg.

3.2. Leik

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik, jf. rammeplanen (2017):

- Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal verte anerkjent
- Barnehagen skal ha eit fysisk miljø som støttar barna si utvikling og sosiale og språklege samhandling
- Barnehagen skal legge til rette for eit inkluderande miljø der alle barna kan oppleve glede og engasjement gjennom leik

Slik gjer me det hjå oss:

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og lekens eigenverdi skal anerkjennast. Barn lærer gjennom leik, og er ein arena for sosial og språkleg samhandling.

Me i Årdal barnehage skal leggje til rette for eit allsidig leikemiljø der barna får utforske og bygge erfaringar for seg sjølve og i samhandling med andre barn og med vaksne, både ute og inne. Barna skal oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leken, både åleine og saman med andre.

Me skal bidra til eit inkluderande miljø kor alle barn deltar og finn sin plass. Barna skal gjennom leiken oppleve fellesskap og glede, samt få erfaring og føle tilhørighet til andre menneske og til gruppe si.



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Me skal veilede og delta i leiken på barna sine premisser. Gjennom å være nære og deltakende vil me enklare oppdage og bistå i uheldige handlingsmønstre, og bidra til at alle kjem med i leiken.



3.3. Danning

Barnehagen skal fremme danning, jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna i å vere prøvande og nysgjerrig til omverda, og bidra til å leggje grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap
- Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samstundes som individuelle uttrykk og handlingar skal verte verdsett og følgd opp
- Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet, og fremme barna si tilhøyrsløse til samfunnet, natur og kultur
- Barna skal få delta i prosessar ved avgjersler og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av

Slik gjer me det hjå oss:

Barnehagens normer, verdiar og kommunikasjon vil være avgjerande i danningprosessen. Alle barn må møtas og forstås ut frå eigne forutsetningar, erfaringar, ynskjer og behov. Dei tilsette må sjå barna som individ med tankar, følelsar og intensjonar, som forsøker å skape mening i den sosiale verden dei er ein del av.

Danning er for kvart menneske ein livslang prosess som handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Gjennom danning legg me grunnlaget for allsidig utvikling. Barna skal erfare at dei er del av fellesskapet, og å oppleve at eigne og andre sitt bidrag til fellesskapet opplevast som noko positivt. Barna skal utvikle trygghet på seg sjølve og eigen identitet.

Me fremmer danning gjennom å:

- være leikande vaksne som saman med barna skaper bevisstheit rundt eigne grenser
- være trygge vaksne som er gode rollemodellar og som gir barna moglegheita til å bli den beste utgåva av seg sjølve
- være lærande vaksne som fremjar enkeltbarnet og som gjer at enkeltbarnets eigenidentitet vart ivareteke



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

3.4. Læring

Barnehagen skal fremme læring, jf. rammeplanen (2017):

- Barna skal oppleve eit stimulerande og utforskande miljø som fremmer barn si nysgjerrigheit og lærelyst
- Barnehagen skal sørge for utvikling og progresjon innanfor alle fagområda i rammeplanen
- Barnehagen skal støtte og berike barna sine initiativ og gje dei utfordringar og tiltru til egne evner

Slik gjer me det hjå oss:

Barn lærer gjennom alt dei opplev og erfarer i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet rundt dei. I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støtter opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre.

Me i Årdal barnehage vil støtte barns ibuande nysgjerrigheit, kreativitet, vitebegjær og lærelyst, og bidra til eit godt grunnlag for livslang læring og danning. Då må me legge til rette for heilheitlege læringsprosessar som fremmar barnas trivsel og allsidige utvikling. Me må vere oppmerksame på barnas interesser og engasjement for å sikre deira medverking.

Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiva og få ny innsikt. Dei skal få bruke heile kroppen og alle sansane i sine læringsprosessar. Barnehagen skal bidra til eit inkluderande læringsfellesskap der barna får bidra i eigen og andre si læring, samt støtte dei slik at dei får tiltru til egne evner.

Me vil jobbe for at barna skal oppleve eit aktivt og utviklande læringsmiljø gjennom å introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materialar og reiskapar som bidrar til meningsfull samhandling.

3.5. Vennskap og fellesskap

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap, jf. rammeplanen (2017):

- I barnehagen skal alle barn få oppleve seg sjølve som verdifulle, få vener og bidra i eit sosialt fellesskap
- Barna skal verte støtta i å sette egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- Barnehagen skal førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre

Trygt og godt barnehagemiljø i hjemmelandsbarnehagen

Det er eit mål at alle barn skal ha det trygt og godt i barnehagen, og vere ein del av eit inkluderande barnehagemiljø. Det viktigaste arbeidet med dette skjer i barnehagekvardagen i lag med barna. Det er utarbeida ein felles plan for korleis barnehagane skal jobbe for å fremme eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygge mobbing og anna krenkande åtferd, samt korleis dei skal handtere dette (aktivitetsplikt). [Barnehagemiljø og mobbing - Hjemmeland kommune](#)

Slik gjer me det hjå oss:

Me brukar romma i barnehagen aktivt i det pedagogiske arbeidet for å tilretteleggja for barnas leik og bygging av vennskap. Avdelingane deler seg i mindre barnegrupper for betre å sjå kvart enkelt barn og for å støtte dei i samspel med kvarandre.



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Me legg til rette for felles leikereferansar (eventyr, songar, turar, bøker...)
Barnehagen har ulike opplegg som me nyttar til å fremje sosial kompetanse og førebygge mobbing. (lekbasert læring, gleding, være saman)



3.6. Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk, jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna sin bruk av språk som reiskap for å tenkje og gje uttrykk for eigne meiningar og kjensler
- Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen
- Barnehagen skal fange opp og støtte barn som treng ekstra støtte i si språkutvikling

Slik gjer me det hjå oss:

Me gjer barna erfaringar med fortellingar, høgtlesing, song, rim, dikt og regler. Dette for å fremja språkutviklinga til barna. Ofte legg me til rette for felles leikereferansar.

Me kommuniserer tydeleg saman med barna, og me nyttar høvet til å ha utvida samtalar i alle daglege gjeremål. Me tek utgangspunkt i barnas interesser, initiativ og nivå.

I dei aldersbestemte gruppene har me faste opplegg: Språkkista, grip omgrepa, dialogisk lesning og lekbasert læring der hovudfokuset er språk.

3.7. Progresjon

Alle barna i barnehagen har rett til å oppleve progresjon i barnehagen sitt innhald, og få utvikle seg, lære og oppleve framgang. Me i personalet skal leggje til rette for at barna møter varierte leiker, aktivitetar og læringsmoglegheiter. Barna skal få utfordringar tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Barna i barnehagen skal oppleve meistring, samstundes som dei møter utfordringar dei kan strekkje seg etter. Dei skal få nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. Me skal ha varierte leiker og material som sørger for at barna opplever progresjon.



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

4. Medverknad

4.1. Barn si medverknad

«Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. (...) Barnehagen skal være bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegge for medvirkning på måter som er tilpasset barnas alder, erfaringer, individuelle forutsetninger og behov. (...) Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet.» (Rammeplanen, 2017)

Barns medverknad betyr for oss vaksne i Årdal barnehage at me tar barn på alvor, gjennom å lytta til dei, respektera deira idear og val, og støtta dei i gjennomføringa. Me lar barna få «prøva sjølv», snakka med dei om kva dei kan bestemma og kva me vaksne må bestemma og kvifor. Me er bevisst på at barna ikkje skal få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, høyrte og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne. Betydninga av dette kjem også fram når me snakkar om trygt og godt barnehagemiljø for alle barn i barnehagen.

Våre tiltak for å sikre barn si medverknad:

- Engasjerte tilsette som lyttar og viser interesse for barna sine uttrykk
- Gje barna tid og rom slik at dei kan kome med sine tankar og betraktningar, og skape felles undring i lag
- God dialog med dei føresette om kva barna er opptekne av
- Barnesamtalar



4.2. Føresette si medverknad/ samarbeid mellom heim og barnehage

«Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene, jf. barnehageloven § 1 og § 4. Samarbeidet mellom hjemmet og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldrene og barnehagens personale har et felles ansvar for barnets trivsel og utvikling.» (Rammeplanen, 2017)

Barnehagen legg til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette. Dette skjer både på individnivå og gruppenivå. På individnivå m.a. gjennom foreldresamtalar, dialog i dei daglege bringe- og hentesituasjonane og dialog omkring individuell tilrettelegging for enkeltbarn. På gruppenivå gjennom m.a. foreldremøte, foreldreråd og samarbeidsutval (SU). Saman skal me ivareta barnets behov for omsorg og leik, og samarbeide rundt barnets utvikling og trivsel. Føresette og barnehage vil ha ulikt ståsted og perspektiv, så deling av informasjon og opplevingar rundt barnets utvikling vil være viktig. Føresette som blir barnehageforeldre blir berørt,



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

påverka og kanskje utfordra i møte med barnehagen. Andre personar vil få ei rolle i barnets liv, og barnet vil få eit eige sosialt nettverk. God kommunikasjon rundt forventingar og tilrettelegging rundt barnet vil være viktig.

Samarbeidsutvalet 2023/2024

Foreldrerepresentantar
Maria Ramsey tlf 95254981
Thea Marie Olsen Egeland tlf 90716357
Malin Mæhle tlf 90975485

Vara: Ingolf Ullestad og Ingrid Førre

Personalets representantar
Anne Gunn Berge
Annbjørg Mæland
Karoline Dypdahl Dreggevik
Vara: Else Mæle

5. Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen skal planlegge, dokumentere og vurdere det pedagogiske arbeidet. Barn og føresette har rett til medverknad i desse prosessane.

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planleggingen skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppen. Planleggingen synliggjør hvordan barnehagen fortolker og realiserer rammeplanen og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av virksomheten.»
(Rammeplanen, 2017)

- Personalet planlegg det pedagogiske arbeidet gjennom periodeplanar (vekeplan, månadsbrev/plan) og årsplan. Periodeplanar (månadsbrev) vert delt med dei føresette via barnehagen sin kommunikasjonskanal. Nokre periodeplanar vert og hengt opp i barnehagen. Årsplanen vert gjort tilgjengeleg for føresette og andre interesserte på heimesida til kommunen.

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen, og om hvordan barnehagen oppfyller kravene i barnehageloven og rammeplanen.» (Rammeplanen, 2017)

- Det pedagogiske arbeidet vert m.a. dokumentert gjennom vår kommunikasjonskanal, gjennom vekeplan/ månadsbrev/dagsrapport, bilete, ulike oppslag og barna sine kreative uttrykk hengt opp i barnehagen.





Vurdering

«Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. (...) Felles refleksjoner over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet et utgangspunkt for videre planlegging og gjennomføring, (...) og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk virksomhet». (Rammeplanen, 2017)

• Me vurderer og reflekterer over det pedagogiske arbeidet i ulike møter og utviklingstid gjennom året, og evaluerer årsplanen. Me tek med oss synspunkt frå føresette gjennom SU, foreldreundersøkinga og foreldresamtalar.

6. Overgangar

6.1. Når barnet er ny i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. (Rammeplanen, 2017)

Oppstart og tilvenning er ei spennande tid for barnet, føresette og personale i barnehagen. Me ynskjer å skape ein trygg start for barnet og bruke god tid på å bli kjent.

Me ynskjer føresette og barn velkommen på besøk på våren, før oppstart, slik at dei blir kjent med barnehagen før tilvenninga startar.

I løp av tilvenningsperioda startar barnet opp med tilrettelagte dagar saman med føresette. Barnehagen er opptatt av barnas individuelle behov for tilvenning.

Små barn har eit grunnleggjande behov for tryggleik, forutsigbarhet og stabilitet. Me er oppteken av "den gode tilknytningsrelasjonen", som base for positiv utvikling. Tilknytninga barnet får til personalet er heilt avgjerande og er viktig for at barnet skal få ei god oppleving av barnehagelivet.

For å støtte barnet sin tryggleik må den tilsette:

- Alltid være større, sterkare, klokare og snill
- Når det er mulig følge barnets behov
- Når det trengs ta ansvar og bestemme

6.2. Overgangar i barnehagen

Overganger skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe. (Rammeplanen, 2017)

I Årdal barnehage er me opptatt av samarbeid mellom liten og stor avdeling. Me opplever at barna raskt blir trygge i barnehagen vår, kor samarbeid pregar kvardagen, og barn og vaksne har god kjennskap til kvarandre på tvers av alder og avdeling.

For at barna skal ha eit best mogleg utgangspunkt og være godt forberedt på overgangen, er barna på småbarn ofte på besøk på stor avdeling. Dei deltar i aktivitetar og tilvenninga startar allereie på våren.



HJELMELANDSBARNEHAGEN
DET BESTE FOR BARNET



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Sidan kommunen har fortløpande opptak kan det føre komma overgangar midt i året.

6.3. Overgangen mellom barnehage og skule/SFO

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning.» (Rammeplanen, 2017)

Hjemmeland kommune har utarbeida ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO. Denne finn de på heimesida til kommunen: [Overgang barnehage - skule - Hjemmeland kommune](#)

